



Notat

Dato: 13.11.2018
Arkivsak: 2018/16539-1
Saksbehandlar: tormje

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Notat om bruk av spesialundervisning i bedrift

Fylkesrådmannen viser til forslag frå Dan Femoen i møte i Utval for opplæring og helse 14.08.2018:

«Ad. skole og opplæring for kandidatar med rett på spesialundervisning.

Dagens elevar vert haldne lengre i skolen, då det ikkje er læreplass for dei i bedrifter. Dei har same rettar til opplæring som alle andre ungdomar, men får ikkje anna tilbod enn undervisning i skole, evt. utplassering eit par dagar i veka i vekstbedrifter. Både Øst- og Vestfold har starta opp med spesialundervisning.

Ber om ei sak der det vert vurdert å starte opp prosjekt med spesialundervisning i bedrift i Hordaland.»

Fylkesrådmannen har vurdert dette forslaget og vil foreslå at dette vert lagt inn i DPO 1.0 *Opplæring* som ein del av prosessen med å etablere Vestland fylkeskommune. Sogn og Fjordane har over lang tid gjennomført spesialundervisning i bedrift for lærekandidatar, og det er naturleg at vi i samanslåingsprosessen vurderer spesialundervisning i bedrift for ein framtidig Vestland fylkeskommune.

Spesialundervisning i bedrift er forankra i opplæringslova § 5-1. Ordninga har ikkje vore i bruk i Hordaland, då ein har prioritert å bruke midlar som vert tildelt av UDIR. I tillegg har Hordaland fylkeskommune brukt stimuleringsmidlar til bedrifter med ei løyving på kr 30 000 ekstra dersom dei tar inn lærekandidatar.